

Litt meir om boss og bossproblematikken.

27.03.2016



Vi har tidlegare skrive om bossproblematikk og det å halda bygda vår rein og ryddig. Etter det har vi fått ein supplerande opplysning og ei flott oppfordring frå ein av lesarane våre. Nedanfor gjev vi att meldinga i sin heilhet, og så håpar vi at mange følgjer opp oppfordringa.

Supert at dåke tek opp bossproblematikk. Det hadde vore veldig kjekt om mange ville ha tatt med seg ein pose og plukka med seg boss også, når ein likevel går på turar rundt omkring i den fine dalen vår.

Når det gjeld levering i bosscontainaren for hytteavfall , så ser eg at det er noko som ikkje kjem fram av innlegga på nettsida. Og det er at vi er nokre fastbuande som i tillegg til fast avgift for eigne hus, også betaler avgift for hytter og hus som vi leiger ut til turistar. Fint om vi ikkje blir mistenkte for brot på regelverket når vi leverer dette bosset i containeren

Venleg helsing
Møyfrid Kristoffersen.

Nett og foto: Thor Inge Døssland